

Innspel til ny strategi for folkemusikk og folkedans frå Førdefestivalen

Førdefestivalen er glade for Kulturdepartementet sitt initiativ til ein ny strategi for folkemusikk og folkedans. Dette signaliserer at folkemusikken og folkedansen sin posisjon vert verdsett og stadig er aktuell. Me ynskjer å kunne utvikle sjangerens status vidare og gjere den kjend for stadig fleire. For at staten skal kunne følgje opp sitt ansvar ovanfor Unesco sin konvensjon om vern av immateriell kulturarv er det ein føresetnad at det vert gjeve meir økonomiske midlar til feltet. Under følgjer Førdefestivalen sine innspel som me meiner er viktige for arbeidet med folkemusikken og folkedansen i Noreg framover.

Om Førdefestivalen:

Skandinavias største festival for norsk og internasjonal tradisjonsmusikk, med fokus på akustisk musikk. Festivalen feira 30-års jubileum i 2019 og har gjennom åra opparbeida seg ein fyrstårnposisjon blant norske festivalar. Festivalen var knutepunktfestival for folkemusikk så lenge den ordninga var gjeldande. Festivalen har no årleg om lag 250 artistar frå 25-30 ulike land, med konsertar på om lag 30 arenaer i Sunnfjord og rundt i regionen Sogn og Fjordane. Besøktala ligg vanlegvis på 25-27.000. Festivalen driv også heilårsverksemd med konsertar gjennom året og Bornas Verdsdag, eit arrangement som kvart år samlar rundt 2.500 besøkande. Førdefestivalen mottok i 2019 heideren EFFE AWARD 2019-2020, då European Festival Association kåra den til ein av dei fem beste festivalane i Europa uansett sjanger.

På kva måte kan politikk og forvaltning innanfor folkemusikk og folkedans best ta vare på dei tradisjonelle uttrykka og samtidig stimulere til mangfald og fornying?

Fyrtårn

Førdefestivalen er ein viktig kulturformidlar, og innanfor dei økonomiske rammene me har søker me stadig å drive kunstnarleg nybrottsarbeid ved å gje publikum nye opplevingar og utøvarane nye moglegheiter gjennom å få fram nye produksjonar, formidlingsformer og tingingsverk. Dette er viktig for folkemusikksjangeren, og noko vi gjerne vil halde fram med og vidareutvikle, men det må anerkjennast og premierast gjennom politiske og økonomiske prioriteringar. Å ha ein slik toppfestival i folkemusikksjangeren, som driv kunstproduksjon, formidling og innovasjon på høgt kvalitativt nivå er viktig både for folkemusikktilbodet til publikum, for utøvarane og for nasjonen Noreg i eit internasjonalt perspektiv. Festivalen har fast tilsett fagpersonale og eit aktivitetsomfang og formidling på eit nivå som gjer at vi i røynda fungerer som ein fast institusjon. Det gjer at det trengst langsiktige økonomiske rammer, og behov for å vere ein del av ein statleg kulturpolitikk både økonomisk og strategisk.

Regionale kompetansesenter for folkemusikk og folkedans.

Det trengst etablerast regionale strukturar innan folkemusikk og folkedans i alle landets regionar. Desse må bidra til å samordne aktørane på feltet lokalt og regionalt, samt samhandle nasjonalt inn mot styresmakter og andre aktørar som mellom anna FolkOrg og Nasjonalt senter for folkemusikk og folkedans.

Slike strukturar kan gjerne vere eksisterande strukturar slik som folkemusikksenter, arkiv eller folkemusikkkfestivalar. Desse har allereie fagpersonar tilsett, og sjølv om det vil krevje ekstra ressursar, vil ei slik løysing vere god utnytting av offentlege midlar. Førdefestivalen har allereie både ein regional, nasjonal og internasjonal posisjon, solid arrangørkompetanse og ein stab av

fagpersonar, og tek gjerne eit større ansvar som eitt av fleire regionsenter for folkemusikk og folkedans i landet. Me opplever at musikkontora knytt til dei ulike regionane manglar både kompetansen og nettverket til å støtte folkemusikken og folkedansen på ein god måte. Å tilby subsidierte folkemusikkturnear for arrangørar i regionen, slik det med hell har vore gjort i jazzmiljøa, bør vere ei prioritert oppgåve for regionsentra. Det vil både auke frekvensen av konsertar innan folkemusikk og folkedans, auke arrangørkompetansen i regionen, og gi fleire oppdrag for dei profesjonelle utøvarane i sjangeren. Meir aktivitet og synlegheit vil i seg sjølv kunne vere ein faktor for meir rekruttering til folkemusikken og folkedansen

Rekruttering må vere ei av hovudoppgåvene for eit regionsenter, gjerne i samarbeid med lokal- og regionlag og kulturskulane. Regionsentra må støtte lokal- og regionlaga i arbeidet med å rekruttere til miljøet. Sommarkursa i folkemusikk og folkedans er viktige, og det må vere ei prioritert oppgåve for regionlaga, i samarbeid med regionsentra, å oppretthalde og vidareutvikle desse.

Musikarstillingar for folkemusikk i heile landet

Førdefestivalen har vore ein aktiv pådrivar for å få etablert fleire faste distriktsmusikarstillingar innan folkemusikk i Sogn og Fjordane, og har forplikta oss til å vere ein oppdragsgjevar for desse. Me ser at desse stillingane har stor verdi for regionen, som utøvarar innanfor folkemusikk og folkedans, men òg som instruktørar og initiativtakarar til nye aktivitetar for rekruttering og vidareutvikling. Distriktsmusikarane har òg ei rolle som historieforteljarar, og formidlar mykje av den lokale og regionale tradisjonsmusikken- og dansen.

Tilbod om stillingar innan folkemusikk og folkedans er i dag opp til kvar enkelt kommune og fylkeskommune å prioritere. Det er svært ulik praksis rundt om i landet på kva tilbod som finst. Staten bør ta eit større ansvar for å utjamne denne ulikheita, slik at det kan opprettast distriktsmusikarar innan folkemusikk og folkedans i heile landet.

På kva måte kan internasjonalt samarbeid bidra til å styrke folkemusikken og folkedansen sin posisjon i samfunnet?

Nasjonalt talentprogram

Som eit ledd i rekruttering og talentutvikling vil talentprogram for unge musikarar vere med å løfte morgondagens folkemusikkutøvarar. Me er i dialog med Noregs Musikkhøgskule (NMH) om partnerskap i eit nasjonalt talentprogram for unge utøvarar som ser for seg å søkje høgare utdanning innan folkemusikk.

Internasjonalt talentprogram

Me ser det som viktig å få opp att eit internasjonalt talentprogram innan folkemusikk for utøvarar som er under høgare utdanning. Utveksling mellom land og samarbeid over geografiske og musikalske tradisjonsmusikkgrenser gjev nye nettverk, innsikt og forståing for eigen kulturarv i møte med andre tradisjonar. Førdefestivalen gjennomførte i 22 år eit internasjonalt talentprosjekt i samarbeid med Rikskonsertene, som var fullfinansiert av Utanriksdepartementet. Dette vart siste gong gjennomført i 2017, då UD la om sine prioriteringar for kulturmidlar.

Talentprosjektet hadde som føremål å hjelpe fram unge, dyktige musikarar og dansarar innan tradisjonsmusikken, og gje dei høve til å utvikle seg musikalsk og menneskeleg gjennom samarbeid med andre musikarar på tvers av kulturelle og geografiske grenser, under profesjonell kunstnarleg leiing. Det var òg eit mål å bidra til auka respekt for og innsikt i eigen og andre sin kultur gjennom

musikarmøte, bidra til bygging av profesjonelle musikarkarrierer, og skape internasjonale møteplassar og nettverk med varig verdi for alle involverte i prosjektet. Det var særleg fokus på talentutveksling med unge folkemusikarar frå O3-land. Om ein ser på deltakarnamna, så ser ein namn som har, og i mange år framover, vil dominere innan tradisjonsmusikken både nasjonalt og internasjonalt. NMH er svært interesserte i eit samarbeid for å få opp eit nytt internasjonalt talentprogram innan folkemusikk.

Førdefestivalen representerer tung kompetanse innan arbeid på det fleirkulturelle feltet og innan musikalsk kulturarv internasjonalt. Denne kompetansen bør nyttiggjerast i høve Noregs kultursamarbeid internasjonalt, også i arbeidet med kulturfeltet i bistandsland. Avsetjinga til kulturfeltet i bistandsland bør igjen styrkast i tråd med regjeringas vurdering av kulturen som viktig byggestein i samfunnet, og det bør vurderast om midlane til denne type arbeid bør overførast frå Utanriksdepartementet til Kulturdepartementet for å sikre kompetanse på feltet og kontakt med aktuelle samarbeidsaktørar både på norsk og utanlandsk side.

Talentprosjektet vart evaluert av UD sjølv i 2015, og i evalueringa kjem det fram at dette var eit særskilt vellukka prosjekt. Vår von er å få dette programmet på beina att, og at dei ulike departementa ser verdien av dette arbeidet, både på nasjonalt og internasjonalt nivå.

Internasjonal marknad for musikarar

Det er viktig at staten ser verdien av at norske folkemusikarar- og dansarar får moglegheit til å opptre internasjonalt. Førdefestivalen inviterer årleg eit stort internasjonalt delegatprogram for presse og utanlandske arrangørar og festivalar til å oppleve festivalen i juli. Programmet er støtta av Music Norway, men me nyttar òg mykje av eigne midlar for å gjennomføre dette. Eksport av norsk folkemusikk og folkedans må vere ein del av den statlege strategien for folkemusikk og folkedans i åra framover. Delegatprogram, som det me har under Førdefestivalen, er viktige utstillingsvindauger for norske folkemusikarar, og programmet i Førde har generert ei mengd speleoppdrag for norske aktørar internasjonalt. Det er viktig med ressursar til å kunne ha eit godt internasjonalt bransjeprogram på den største folkemusikkfestivalen i Noreg.



Per Idar Almås

Direktør, Førdefestivalen